

Valle  
i Setesdal

# Kommuneplanens samfunnsdel og arealstrategi 2026–2038

*Kommunen si utvikling skal byggje på samspel mellom kommunen som organisasjon, innbyggjarar, frivilligheita og næringslivet*

# Innhald

Kven er vi i Valle kommune?

Side 3

Kommuneplanen på eitt minutt

Side 4

Fakta om Valle

Side 5

Fokusområde

Side 7

Mål og strategiar

Side 8

Berekraft

Side 13

Arealstrategi


Side 15

Vegen vidare

Side 19

Korleis gjer vi det i praksis

Side 20





# Kven er vi i Valle kommune?

Valle kommune ligg midt i Setesdal – omkransa av mektige fjell, levande kulturlandskap og menneske som er knytt til både natur, kultur og eit aktivt daglegliv.

Naturressursane har vore nytta gjennom generasjonar, både til matproduksjon, jakt og sanking – og i det seinare til kraftproduksjon og industri. Naturressursane ligg og til grunn for utvikling av reiseliv og fritidsaktivitetar.

Kulturarven i Valle er levande, med sterke tradisjonar innan folkemusikk, byggeskikk, handverk og lokal matkultur. Det særlege vallemålet er og ein del av den levande kulturarven. Kulturarven gir Valle ein tydeleg eigenart som mange er stolte av og som vert nytta innan næringsutvikling, utdanning og vidareføring av tradisjonshandverk.

Folkemusikk frå Setesdal – med gangardans, stev og kveding, munnharpe og hardingfele – kom i 2019 på UNESCO si representative liste over immateriell kulturarv. Denne statusen er viktig for kommunen å ta vare på og det krev aktiv innsats. I tillegg har bunadsbruk og kome på denne lista, eit element som er viktig for både folkemusikken og identiteten til innbyggjarane våre.

I Valle bur det pr. 1.1.26 om lag 1206 fastbuande personar og i tillegg er det registrert om lag 1615 hytter. Det kjem mange besøkande til kommunen, både forbipasserande og dei som overnattar. Riksveg 9 og Brokke- Suleskarvegen er viktige ferdselsårer, og kommunen er eit knutepunkt for dei som ferdast her.

Næringslivet i Valle er mangfaldig, med både landbruk, handverk, industri, service og handel – i tillegg til offentlege tilbod og tenester. Det er aktivt skog- og landbruk, der både utmark og innmark vert nytta til matproduksjon og som råvarer i byggenæringa. Bygg- og anleggsbransjen er ei stor næring, der utbygging av vegar og fritidsbustader er viktige aktivitetar.

Valle kommune er ein vasskraftkommune, med fem kraftverk som produserer over 1 600 GWh årleg. Kraftproduksjonen skaper både inntekter og arbeidsplassar og betyr mykje for utviklinga i Valle. Valle har store utmarksområde, og har forvalta desse i pakt med og respekt for naturen. Heielivet er ein viktig kvalitet for dei som bur her, både til rekreasjon, jakt og sanking samt beitedrift. Støylane vert godt haldne i hevd og nytta gjennom årstidene.

Valle har ei sentral rolle i forvaltninga av villreinen. Store delar av kommunen er påverka av villreinomsyn, noko som legg rammer for arealbruk og utvikling. Balansen mellom vern og bruk er krevjande, men avgjerande for langsiktig berekraft.

Det er svært mange innbyggjarar som bur i ein bustad, og om lag 38 prosent bur på gardsbruk. Dei siste åra opplever vi ei positiv utvikling der fleire utflytta valldølar flyttar heim og stiftar familie. Dette peikar på kvalitetar knytt til tryggleik, fellesskap, natur og heiliv, og gir godt grunnlag for vidare utvikling av kommunen. Samla sett er Valle ein kommune med sterke røter, gode tenester og eit levande bygdeliv som er attraktiv for nye generasjonar. Gjennom heilskapleg bruk og vern av lokale ressursar, levande kultur og med menneska i sentrum, vil Valle vere ein god stad å bu, besøke og skape verdiar – no, og i åra som kjem.

# Kommuneplanen på eitt minutt

Samfunnsdelen viser retninga for korleis Valle skal utviklast som lokalsamfunn i ei tid med store endringar. Den handlar om korleis vi tek vare på bulyst, arbeidsplassar, folkehelse og beredskap, saman.

## Kva utfordringar må vi handtere?

- Fråflytting og fleire eldre innbyggjarar har prega folketalsutviklinga over tid, sjølv om det er teikn til positiv utvikling som det må byggjast vidare på.
- Kommuneøkonomien blir strammare, medan forventningane til omfang og kvalitet på tenestene aukar.
- Store delar av kommunen sitt areal er verneområde, mellom anna av omsyn til villrein og naturmangfald. Dette gir viktige miljøverdiar, men legg òg rammer for utnytting av lokale ressursar og vidare utvikling, og krev god og balansert handtering.
- Samfunnstryggleiken er mindre føreseieleg, og vi må vere budde på fleire kriser og hendingar.

## Korleis skal vi møte dette?

Kommunen kan ikkje løyse framtidens utfordringar åleine, mange gode krefter må samarbeide for at vi kan løyse oppgåvene. Valle byggjer samfunnsutvikling på samspel mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og næringsliv. Samfunnsdelen har tydelege mål innan fire område:

### Bulyst

Levande, inkluderande og robuste lokalsamfunn, kor fellesskap, mangfald, natur og kultur skapar trivsel, stadkjensle og utvikling.

### Arbeidsplassar

Eit variert og samarbeidsretta næringsliv som byggjer på lokale ressursar og aukar lokal skaparkraft og verdiskaping.

## Folkehelse

God helse blir skapt i kvardagen, gjennom deltaking, meistring, sosiale fellesskap og lågterskelaktivitetar.

## Beredskap

Eit lokalsamfunn der innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommune saman byggjer robustheit og er førebudde på både kvardag og krise.

## Kva krev dette av kommunen?

Kommunen må vere ein tilretteleggjar, samordnar og samarbeidspartnar.

Det betyr å byggje varige strukturar framfor prosjekt, styrkje møteplassar, kompetanse og tillit, og gjere det enklare for innbyggjarar og lokalsamfunn å ta ansvar og skape løysingar saman. Samfunnsdelen handlar både om nye mål og finne ein realistisk og farbar veg for å møte framtida, der fellesskap og samarbeid er Valle sin viktigaste ressurs.

Javel ...

... men kva betyr samfunnsdelen i *praksis*?

Sjå eksempel på **side 20!**

# Fakta om Valle

## Natur og areal


Areal	1265,3
Landareal	1124,9
Bebyggd/samferdsleareal	7,2
Ferskvatn	140,4
Jordbruksareal	10,4
Verna areal	484,0

Kilde: Agdertall, 2025. Areal i km<sup>2</sup>



## Heielivet og utmarka

Heielivet betyr svært mykje for menneska i Valle – både til rekreasjon, jakt, fangst og sanking og som ressurs for beitenæringa. Å vere på heia i dei ulike årstidene er ein livsstil og eit samspel mellom natur og menneske, og er vidareført frå generasjon til generasjon.



## Kraftkommunen

Valle kommune er ein vasskraftkommune, med fem kraftverk som produserer over 1 600 GWh årleg. Kraftproduksjonen skaper både inntekter og arbeidsplassar og betyr mykje for utviklinga i Valle.



## Landleg liv busetnad

Dei fleste bur i einebustader og det er liten tilgang på leilegheiter og sentrumsnære bustader, noko som er meir og meir etterspurt. Landbruket produserer om lag 70 tonn kjøtt frå sau og storfe, i tillegg til kulturlandskap og skog.



## Arbeidsliv

Valle har om lag 600 arbeidsplassar der 35% er i offentlig sektor og 65% i privat sektor. Kraftindustrien og bygg- og anleggsbransjen bidreg med mange arbeidsplassar, det same gjer reiselivet.

# Fakta om Valle




## Ein heilårsdestinasjon

Valle er ein populær og attraktiv heilårsdestinasjon! Kommunen har omlag 1615 fritidsbustader, fleire campingplassar og overnattingsstader samt eit breitt aktivitetstilbod for både innbyggjarar og gjester året rundt. Reiselivet betyr mykje for Valle no og i framtida.




## Foreiningsliv og fellesskap

I Valle kommune blømer det av engasjement og lagånd. Eit mangfald av lag og foreiningar skapar liv og rørsele, og utgjer ryggrada i eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn. Gjennom frivilligheita vert kulturen ivareteken, idretten driven og fellesskapet bygd.



## Kulturarv på UNESCO-liste

I 2019 vart folkemusikk- og dansetradisjonane frå Setesdal – med gangardans, stev, munnharpe og hardingfele – innskrivne på UNESCO si liste over immateriell kulturarv. Listeføringa er ei internasjonal anerkjenning av levande kulturuttrykk, samstundes som ho peikar på at tradisjonane er sårbare og avhengige av aktiv vidareføring. Ei ære for kommunen og ein invitasjon til verda.



## Tradisjon og handverk

Valle har mykje kompetanse innanfor tradisjonelle handverk som sylvsmedverksemdar, bygningsvern og produksjon av bygningar i tre og laft. I tillegg er det stor aktivitet innan bunadproduksjon – både til privat bruk og kommersiell verksemd. I Valle er det og vidaregåande skule i sølv- og gullsmedfaget.

# Fokusområde

## Bulyst

Eit triveleg og attraktivt nærmiljø er avgjerande for at folk ønskjer å bu og leve i Valle. Naturen, heielivet, kulturarven, dei lokale møteplassane og tenestene skaper både bulyst og lokal identitet. Det aktive bygdelivet, med tilgang til heia og støylsområda, frivilligheit og kvardagsfellesskap, er sentralt for å skape liv, samhald og trivsel. Samstundes treng kvardagen gode rammer. Fleire møteplassar, betre samordning av aktivitetar og lett tilgang til kultur- og fritidstilbod er viktig for å halde på unge vaksne og etablering av familiar. Bustadtilbod, arbeid, tenester, infrastruktur og tilgang til natur og sosiale møteplassar verkar saman og påverkar bulyst.

Det er auka interesse for småbruk, einebustader og sentrumsnære leilegheiter, medan mykje av utbygginga dei siste åra har vore fritidsbustader. Vern av natur og omsyn til villrein stiller krav til balansert planlegging. Difor treng kommunen ei heilskapleg planlegging av bustadtilbod, aktivitetar, møteplassar og næringsutvikling. Slik kan vi byggje sterke fellesskap og skape ein kommune der det er godt å bu, engasjere seg og høyre til – i alle livsfasar.

## Folkehelse

Folkehelse er grunnlaget for eit godt og levande lokalsamfunn. I Valle handlar folkehelse om å skape gode kvardagar for alle, gjennom heile livet. Naturen, friluftslivet og den rike kulturarven gir gode høve for aktivitet, trivsel og fellesskap, medan eit sterkt frivillig engasjement held det sosiale fellesskapet saman.

For å møte framtida må vi ta omsyn til ei aldrande befolkning, samstundes som vi gjer Valle attraktiv for unge vaksne, familiar og nye innbyggjarar. Førebygging, tidleg innsats og gode møteplassar er viktige verkemiddel for å styrkje stadkjensla og redusere utanforskap.

Folkehelse blir skapt i alle delar av samfunnet. Difor skal helsefremjande omsyn vere ein naturleg del av kommunen sitt arbeid, frå planlegging av bustader og møteplassar til kultur, idrett, frivilligheit og næringsliv. Slik kan Valle vere ein kommune der det er godt å leve, bu og høyre til – i alle livsfasar.

## Beredskap

God beredskap handlar ikkje berre om å handtere kriser, men om å byggje eit samfunn som toler påkjenningar og raskt kjem i gang etter kritiske hendingar. I Valle betyr dette å vere førebudd på klimaendringar med meir ekstremvêr, flaum og ras, og sikkerheitspolitiske kriser og krig - samstundes som vi tek omsyn til demografi og samhandling.

Når straum eller infrastruktur sviktar, blir helsetenester, matforsyning og kommunikasjon raskt påverka. Difor må beredskap sjåast i samheng med korleis samfunnet fungerer til dagleg.

Valle har sterke ressursar å byggje vidare på. Eit engasjert næringsliv, eit aktivt frivillig fellesskap og moglegheiter for auka sjølvforsyning gir eit godt utgangspunkt. Med klare roller og betre samordning kan desse ressursane styrkjast.

Beredskap skal vere ein del av all planlegging, frå arealbruk og næringsutvikling til helse og klima. Målet er eit lokalsamfunn der innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommune står saman og er trygge – slik at lokalsamfunnet framleis fungerer, også når det oppstår uventa hendingar.


## Arbeidsplassar


Næringsverksemdar og arbeidsplassar er avgjerande for ein levedyktig kommune. Eit variert og interessant tilbod om arbeidsplassar kan auke attraktivitet og etableringslyst for unge vaksne og nye innbyggjarar.

Utviklinga skal byggje på ressursar og styrkar vi har i Valle. Reiseliv, opplevingar og lokal matproduksjon gir gode høve for verdiskaping og heilårsarbeidsplassar, samstundes som ei balansert utvikling av fritidsbustadmarknaden kan vere ein viktig motor. God digital infrastruktur skapar moglegheiter for å leggje til rette for nye næringar og kunnskapsbaserte arbeidsplassar.

Kommunen skal vere ein aktiv og føreseieleg tilretteleggjar, med klare rammer for bruk av areal, planlegging, infrastruktur og effektiv saksbehandling. Gjennom samarbeid om kompetanse og rekruttering kan vi byggje eit mangfaldig næringsliv som gjer Valle til ein kommune der folk ønskjer å bu, arbeide og bidra til eit levande lokalsamfunn.

# Mål og strategiar





# Bulyst

## Mål 1

Bulyst skal skapast i levande og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever trivsel, stadkjensle og inkludering. Samspel mellom kommune, innbyggjarar, frivillige og lokale aktørar skal styrkje lokal utvikling.

## Mål 2

Natur- og kulturressursar skal vere lett tilgjengelege og brukast aktivt i kvardagen som grunnlag for bulyst, lokal identitet og fellesskap.


## Strategiar

- Utvikle trygge og stadtilpassa nærmiljø med gode bu- og oppvekstvilkår, sosiale møteplassar og naudsynt digital infrastruktur.
- Utvikle Valle kultursenter som ein open, trygg og levande møteplass for menneske i alle aldrar, der deltaking, eigenorganisert aktivitet og samskaping styrkjer bulyst, tilhøyrslø og kvardagsfellesskap. Særleg skal barn og unge ha gode høve til medverknad og aktiv bruk av kultursenteret.
- Styrkje lokale møteplassar samt natur- og kulturarenaer gjennom enkle og fleksible løysingar som kan brukast av mange.
- Gjere det lett å ta initiativ gjennom tydelege prosessar og låg terskel for deltaking.
- Anerkjenne frivillig innsats og lokalt engasjement som ein føresetnad for bulyst og sosial berekraft.

## Kvifor

Bulyst krev tilgang til bustader og grunnleggande tenester gjennom heile livet. Samstundes kan ikkje kommunen åleine skape bulyst i møte med økonomiske og demografiske endringar. Utan aktive lokalsamfunn blir trivsel, beredskap og gjennomføringsevne svekka.

Bulyst blir difor bygd i samspel mellom fysiske rammer, tydelege prosessar, lokale fellesskap og bruk av natur og kultur. Enkle møteplassar, fleksible løysingar og digital infrastruktur gjer det lettare for innbyggjarar å engasjere seg. Slik kan lokal identitet og fellesskap styrkjast, utan at ansvaret berre ligg hjå kommunen



# Arbeidsplassar

## Mål

Kommunen skal ha eit variert og omstillingsdyktig næringsliv som byggjer på lokale ressursar, styrkjer verdiskaping og gir grunnlag for stabile arbeidsplassar og samskaping.


## Strategiar

- Bruke kommunen si rolle som areal- og planmyndigheit, rettleiar og samarbeidspartnar aktivt for å leggje til rette for verdiskaping gjennom føreseielege rammer, god rettleiing, effektive tenester og naudsynt infrastruktur.
- Leggje til rette for møteplassar og nettverk der næringsliv, offentlege aktørar og frivillige kan samarbeide om lokale behov og marknader.
- Støtte initiativ som tek utgangspunkt i lokale ressursar og samfunnsutfordringar, inkludert sosialt entreprenørskap og kombinasjonar av frivillig og kommersiell verksemd.
- Setje tydelege rammer for utvikling i Brokke basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag, slik at hytteutbygging bidreg til heilårsaktivitet, varige arbeidsplassar og lokal verdiskaping.
- Bidra til næringslivet i Valle har tilgang til tilstrekkeleg kraft og energi gjennom dialog og samarbeid med nettselskap og andre relevante aktørar.

## Kvifor

Kommunen skaper ikkje arbeidsplassar direkte, men kan leggje til rette for lokal verdiskaping og entreprenørskap. Eit variert og samarbeidsretta næringsmiljø gir rom for gründerar, nye og etablerte verksemdar, og styrkjer lokalsamfunnet si robustheit.

Når kommunen er ein aktiv tilretteleggjar og stør opp om nettverk, møteplassar og kompetanseutvikling, kan det vere enklare å starte, utvikle og drive næringsverksemdar som skapar verdiar og arbeidsplassar over tid. For næringslivet er føreseielege prosessar, tydelege kontaktpunkt og open dialog avgjerande for å kunne planleggje, investere og utvikle verksemd over tid.



# Folkehelse

## Mål

Innbyggjarane skal ha gode føresetnader for meistring, stadkjensle og aktivitet i kvardagen, og lokalsamfunna skal vere prega av deltaking, inkludering og meningsfulle fellesskap som fremjar god folkehelse.

## Strategiar


- Integrere folkehelseperspektivet i all kommunal planlegging med særleg vekt på førebygging, tidleg innsats og utjamning av sosiale helseforskjellar, med tilstrekkeleg og relevant kompetanse på tvers av sektorar.
- Styrkje universelle tiltak som fremjar god folkehelse frå tidleg i livet, då ein trygg og god barndom har varig innverknad på helse og livskvalitet.
- Bruke Valle kultursenter som ein sentral arena for helsefremjande kvardagsliv, der menneske i alle aldrar har tilgang til lågterskeltilbod for fysisk aktivitet, kultur og sosial deltaking. Kultursenteret skal særleg leggje til rette for barn og unge si meistring, medverknad og tilknytning til lokalsamfunnet.
- Leggje til rette for helsefremjande kvardagsliv gjennom møteplassar og lågterskeltilbod som styrkjer deltaking og reduserer utanforskap i alle livsfasar.
- Stimulere til lokale initiativ der innbyggjarar tek ansvar for eigen og andre si helse

- Gjennom aktivitet, deltaking og omsorg i kvardagen.
- Utvikle langsiktig samarbeid med frivillige og private aktørar for å sikre stabile og inkluderande lågterskeltilbod for fysisk, psykisk og sosial helse.

## Kvifor

God folkehelse kan ikkje skapast av tenestene åleine. Utan sosiale nettverk, frivillig innsats og lågterskelarenaer aukar utanforskap, sårbarheit og behov for kommunale tenester.

Gjennom enkle og tilgjengelege møteplassar, føreseielege rammer og støtte til lokaleinitiativ, blir det lettare å delta, vere aktiv og oppleve meistring. Når lokalsamfunn er prega av fellesskap, frivillig engasjement, kulturarv og inkluderande aktivitetar, styrkjer dette folkehelsa, stadkjensla, identiteten og lokalsamfunnet i det heile.



# Beredskap

## Mål 1

Den samla beredskapen i lokalsamfunnet skal vere robust og samordna, slik at ressursar hjå innbyggjarar, frivillige, næringsliv og kommunen kan nyttast effektivt, også ved ekstra belastning.

## Mål 2

Innbyggjarane skal ha kunnskap, nettverk og medvit som gjer dei i stand til å ta ansvar for eigen og fellesskapets beredskap i kvardagen og i kriser.


## Strategiar

- Koordinere og integrere ressursar hos innbyggjarar, frivillige organisasjonar, næringsliv og kommunen gjennom tydelege roller, ansvar og samhandlingsformer. Bruke digitale løysingar for oversikt, varsling og mobilisering, men og ha reserveløysingar når desse ikkje fungerer.
- Styrkje kunnskap om eigenberedskap og samfunnsansvar ved å systematisk byggje kompetanse, nettverk og lokal beredskapskultur i nabolag, lokalsamfunn og frivillige miljø.
- Planleggje og legge til rette for situasjonar med ekstra belastning knytt til besøkande og hyttebruk, slik at kommunen har realistisk oversikt over kapasitet, restressursar og sårbarheiter i lokalsamfunnet.
- Utvikle beredskap som ein integrert del av kvardagslivet, der fellesskap, frivillig innsats og lokal handlekraft òg styrkjer kommunen si evne til å handtere kriser og uønskte hendingar.
- Sikre at kommunen til ei kvar tid har nødvendig og oppdatert kompetanse innan planleggjing, førebyggjing og handtering av kriser og uønskte hendingar.

- Kulturarven gjev samfunnet auka tålegrense og motstandskraft. Den samlar folk, men kan derfor også bli mål for å kunne splitte, øydelegge, endre og gløyme. Derfor er det viktig å vite korleis me tek vare på folk og møteplassar, tradisjonell sang, kunst, bygningsarv og historiske gjenstander, og vere bevisst på krafta i kulturarven

## Kvifor

Beredskap er ikkje kommunen sitt ansvar åleine. Fellesskap, dugnadsånd og samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige og næringsliv gjer lokalsamfunnet betre rusta til å handtere både kvardagsutfordringar og uventa hendingar. Kommunen koordinerer og integrerer ressursar, gir oversikt og tydelege forventningar, men beredskap startar i heim, nabolag og lokalsamfunn. Lokale nettverk og frivillige ressursar sørgjer for at alle kan bidra, og at den samla beredskapen i samfunnet vert styrkt.



# Berekraft

Denne planen tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål som eit heilskapleg rammeverk for langsiktig samfunnsutvikling, og ligg til grunn for planen. Berekraft vert ikkje forstått som enkeltstående tiltak, men som samspelet mellom sosiale, økonomiske og miljømessige tilhøve over tid. Planen legg særleg vekt på sosial berekraft, sirkulærøkonomi, lokal verdiskaping, førebygging og samfunnets samla kapasitet, i ljøs av framtidige demografiske og økonomiske utfordringar.

Måla og strategiane i planen bidrar særleg til å følgje opp



3 (god helse og livskvalitet)



9 (innovasjon og infrastruktur)



12 (ansvarleg forbruk og produksjon)



4 (god utdanning)



10 (mindre ulikskap)



15 (livet på land)



8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst)



11 (berekraftige byar og lokalsamfunn)




17 (samarbeid for å nå måla)

Fleire av berekraftsmåla går igjen i ulike delar av planen. Det viser at kommunen må arbeide heilskapleg og på tvers av fagområde for å lukkast med utviklinga.



# *Arealstrategi*

# Arealstrategikartet

Arealstrategien skal vise sammenhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk. Strategien viser kva for område kommunen vil utvikle, og kva for område som skal vernast.



- Naturbegrensingar
- Næringsområde
- Kommunesenter
- Destinasjonssenter
- Grender
- Naturområde
- Fylkesveg
- Riksveg



# Overordna arealstrategi

Arealstrategien for Valle kommune byggjer på mål og strategiar i samfunnsdelen og gir overordna føringar for den fysiske utviklinga i eit langsiktig perspektiv. Strategien skal balansere omsynet til verneverdig natur, landbruksareal og kulturlandskap med behovet for bustader, næringsareal og attraktive møte- og opplevingsstader.

Gjennom ei heilskapleg tilnærming skal arealstrategien leggje til rette for berekraftig utvikling som styrkjer bulyst, lokal verdiskaping og samfunnets motstandskraft. Strategien skal gi føreseielege rammer for innbyggjarar, verksemder og investorar, og bidra til ei levedyktig framtid for Valle.

## Senter- og stadutvikling

Utviklinga av Valle og Rysstad skal konsentrerast som kommunen sine viktigaste sentrum og knutepunkt. Her skal det leggjast til rette for samferdsel, tenester, næring, bustader og sosiale møteplassar.

Brokke skal vidareutviklast som hovudområde for fritidsbustader med tilhøyrande aktivitetar og tenester. Arealbruken skal vere styrt og heilskapleg, med omsyn til lokal identitet og eksisterande lokalsamfunn.

Planlegginga skal fremje inkluderande og funksjonelle lokalsamfunn, med universell utforming, fleirbruk og møteplassar som styrkjer samspel på tvers av generasjonar og livssituasjonar. Busetnad og uterom skal ha god landskapstilpassing, høg arkitektonisk kvalitet og materialbruk som speglar lokal byggetradisjon og kulturarv. Kulturhistoriske verdiar og viktige landskapselement skal integrerast i stadutviklinga for å styrkje identitet, attraktivitet og tilhøyrse.

## Næringsområde

Kommunen skal leggje til rette for funksjonelle og fleksible næringsareal, samla der dette gir best utnytting av infrastruktur og ressursar, og legg til rette for samspel mellom verksemder.

Overskotsmateriale, avfall eller biprodukt frå ei verksemd skal kunne nyttast som innsatsfaktor i ei anna. Dette bidreg til redusert transport, effektiv ressursbruk og framtidretta næringsområde.

# Overordna arealstrategi

## Strategiske føringer for kommuneplanens arealdel i Valle kommune

- Leggje vekt på identitet, kulturmiljø, estetikk, sirkulærøkonomi, arkitektur og lokal byggjeskikk når vi bygger.
- Prioritere fortetting og utvikling i sentrale område, inkludert hytteutvikling i Brokke, slik at ein nyttar eksisterande infrastruktur best mogleg.
- Vidareutvikle sentrumsområda til inkluderande stader, med variert bustadtilbod, møteplassar, handel og tenester, tilpassa det naturlege omlandet og tilrettelagt for menneske i alle livsfasar.
- Leggje premiss for hyttebygging i Brokke basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag. Utviklinga skal sikre heilårsaktivitet, lokal verdiskaping, vere integrert i det eksisterande lokalsamfunnet utan å overbelaste det, og bidra til eit variert næringstilbod.
- Sikre tilstrekkelege og varierte tomtereservar for bustadbygging, tilpassa ulike livsfasar og behov.
- Planlegge og utforme bustadområde og offentlege rom som motverkar einsemd og fremjer sosiale koplingar, for eksempel gjennom attraktive og tilgjengelege fellesområde, som inviterer og oppmodar til samtale og sosial interaksjon.
- Sikre tilstrekkelege og attraktive areal for næringsverksemdar ved å etablere fleksible næringsområde sentrumsnært og langs RV9.
- Bruke arealplanlegging som eit helsefremmande verktøy med særleg vekt på førebygging, tidleg innsats og utjamning av sosiale ulikskapar.
- Satse på gang- og sykkelvegnett som knyter bustadområde til sentrale funksjoner, natur- og kulturpunkt.
- Bevare, utvikle og gjere natur- og kulturmarkørar tilgjengelege og synlege i lokalsamfunnet, og knyte dei saman til bustadområde gjennom løypenett og turveggar.
- Dyrka mark skal som hovudregel ikkje byggast ned.
- Beredskap og klimatilpassing skal vere ein del av arealplanlegginga.
- Ta omsyn til flaum- og skredfaresoner, tilkomst for veg, brannberedskap og andre fysiske faktorar når nye utbyggingsområde og næringsområde skal planleggast.
- Arealstrategien skal leggje til rette for bruk og vedlikehald av eksisterande bygningar, støylar og utmarksområde, samstundes som verneomsyn blir ivaretekne gjennom tydelege og føreseielege rammer.
- Bruke ny kunnskap og berekraftige byggjeløysingar i arealplanlegginga.

# Føresetnader for å lykkest med arealstrategien

For at kommunen skal lukkest med å nå måla i arealstrategien, må sentrale føresetnader vere på plass.

Kommunen skal sikre føreseielege rammer for innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar gjennom tydelege planar og avgjerdsprosessar. Samstundes må ny kunnskap, endringar i folketals- og demografiutviklinga og aktuelle samfunnsutfordringar integrerast i vurderingane.

Kommunen skal ha god oversikt over utvikling og ressursbruk. Demografisk utvikling, arealbehov og andre samfunnstilhøve må kartleggast og følgjast opp systematisk. God økonomistyring, heilskaplege prioriteringar og effektiv bruk av ressursar er naudsynt for å kunne planleggje og investere i tråd med dei langsiktige måla. Planlegginga skal vere målretta, heilskapleg utforma og koordinert,

og kommunen skal levere planar og tenester av høg kvalitet som mobiliserer innbyggjarane sine egne ressursar og fremjar lokal trivsel, helse og sosial inkludering.

Digitale verktøy og smarte løysingar skal nyttast for å forenkle planprosessar, gi betre brukaroppleving og sikre ei effektiv forvaltning. Kommunen skal teste ut nye måtar å jobbe på, evaluere resultata og justere praksis for å utvikle framtidsetta og brukarvenlege tenester.

Eit godt samarbeid med nabokommunar, fylkeskommunen, friviljuge organisasjonar, andre relevante private og offentlege kunnskapsmiljø og aktørar, skal sikre tilgang til kompetanse og erfaring, og slik bidra til gode arealplanar og samfunnsløysingar.

Arealplanlegginga skal òg ta omsyn til beredskap og samfunnssikkerheit i tråd med prinsippa ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Kommunen skal sikre at innbyggjarane har god eigenberedskap, og at kritisk infrastruktur og samfunnsfunksjonar er robuste. Klimaendringar, nasjonal sikkerheit og globale helseutfordringar skal inngå i vurderingane av framtidige planar og utbyggingar.

# Vegen vidare

Samfunnsdelen er hjartet i kommuneplanen, her startar visjonane som resten av planane gjer til verkelegheit. Den set kursen for Valle og styrer dei fire fokusområda som formar framtida vår.

Kva er utfordringane?  
**Planstrategi**



Korleis skal vi få det samfunnet vi ynskjer oss?

**Kommuneplanens samfunnsdel**




Korleis skal nytta arealene i Valle?  
**Kommuneplanens arealdel**




Korleis skal kommunen jobba for å nå måla?  
**Samfunnsplanar (temaplanar, strategiar og handlingsplanar)**



Korleis gjekk det?  
**Årsrapport**



Kva skal kommunen bruke pengane på det neste året?  
**Handlings- og økonomiplan (HØP)**



# Korleis gjer vi det i praksis?



Valle kultursenter, ein inkluderande møtestad



Folkemusikk i skulen, vi tek vare på og vidarefører kulturarven



Utvikling av bustadfelt som Åsan på Rysstad, gir sentrumsnære bustader og tomter som gjer det attraktivt å bu og bli i Valle.



Tilrettelegging for god folkehelse og friluftsliv



Vi utviklar møteplassar ute, for fellesskap, aktivitet og naturopplevingar året rundt




Langsiktig utvikling i Brokke gjennom aktiv bruk av planmyndigheita.



Vi styrker frivilligheita gjennom gode og funksjonelle møteplassar



Vi stiller lokaler til disposisjon for å skape aktivitet, inkludering og møteplasser på tvers av generasjonar



**Valle**  
i Setesdal

[valle.kommune.no](http://valle.kommune.no)